

## **FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I ULVIK HERAD**

Vedteke i heradsstyret den X.X.2016 sak X i medhald av § 5 i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 01.07.2012, og § 16.1 andre ledd i forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) av 01.07.2004.

Tidlegare vedtak om vatn-, avløp- og septikkgebyr er fortsatt gjeldande, så lenge de ikkje er i strid med krava i denne forskrifta.

### **Innhald:**

#### **I. Generelle føresegner**

- § 1. Føremålet med forskrifta
- § 2. Verkeområdet for forskrifta
- § 3. Definisjonar

#### **II. Vass- og avløpsgebyr**

- § 4. Gebyrtypar
- § 5. Eingongsgebyr for tilknytning
- § 6. Årsgebyr
- § 7. Vassmålar
- § 8. Avvik i årsgebyret
- § 9. Mellombels tilknytning
- § 10. Pålegg om utbetring
- § 11. Innbetaling av vass- og avløpsgebyr

#### **III. Septiktankavgift**

- § 12. Tvungen slamtøming
- § 13. Endring av bygningsstatus
- § 14. Søknad om fritak

#### **IV. Avsluttande føresegner**

- § 15. Innkrevjing av gebyr
- § 16. Vedtaktmakt
- § 17. Klage
- § 18. Iverksetjing

## I. GENERELLE FØRESEGNER

Abonnentane i heradet betalar for vass- og avløpstenester levert av heradet. Tilhøvet mellom abonnenten og heradet er regulert av lover, forskrifter og lokale reglement m.v. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

1. Lov av 1. juli 2012 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
2. Forskrift av 1. juli 2004 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta).
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Ulvik (dette dokumentet)
4. Vedtatt budsjett for Ulvik herad

### § 1 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta fastset utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betala for dei vass- og avløpstenestene heradet leverer.

### § 2 VERKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld alle abonnentane i heradet, sjå definisjon i § 3.

### § 3 DEFINISJONAR

- *Abonntent:*

Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige eigedomsnummer (gards- og bruksnummer, og ev. festenummer eller seksjonsnummer).

- *Årsgebyr:*

Det samla gebyret som blir betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass og/eller avløpstenestene i heradet. Årsgebyret er samansett av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

- *Abonnementsgebyr:*

Den faste delen av årsgebyret. Det skal betalast abonnementsgebyr for kvar bueining for dei som er tilknytt kommunalt vass- og avløpsnett.

- *Forbruksgebyr:*

Den variable delen av årsgebyret som blir betalt etter forbruk (målt eller stipulert).

- *Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla):*

Forenkla kan ein seia at bruksareal omfattar:

- Arealet innanfor dei omslutta veggane i bustaden og
- Del av fellesareal som høyrer til bustaden, men som ligg utanfor dei omslutta veggane i bustaden. For detaljar, sjå Norsk Standard 3940.

Garasjeareal tilknytt bueining vert ikkje rekna med i gebyrpliktig areal.

- *Bruksendring:*

Med endring i bruken av eigedomen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som til dømes bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.

- *Eingongsgebyr for tilknytning:*

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

- *Fritidsbustad/hytte:*

Bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte.

- *Gebyrregulativet:*

Gebyrregulativet er namnet på lokal forskrift om dei kommunale gebyra i heradet. Storleiken på dei kommunale gebyra går fram av gebyrregulativet. Satsane i gebyrregulativet blir oppdatert årleg gjennom vedtak i heradsstyret, som hovudregel i samband med årsbudsjettet om hausten.

- *Næringsverksemd:*

Forretningsverksemd.

- *Offentleg verksemd:*

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

- *Stipulert forbruk:*

Stipulert forbruk er forventa forbruk hjå ein abonnent fastsett på grunnlag av bygningsarealet.

## II. VASS- OG AVLØPSGEBYR

### § 4 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avløpstenester:

1. Eingongsgebyr for tilknytning
2. Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
3. Gebyr for mellombels tilknytning

### § 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Eingongsgebyret blir betalt for eigedom der det står bygg, eller ved fyrstegongsoppføring av bygg på eigedom, som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Eingongsgebyret skal vera likt for alle abonnentar og skal betalast før tilknytning skjer.

Heradet kan fastsetja avvikande eingongsgebyr for tilknytning dersom det blir ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta. Storleiken på gebyret går fram av vedtatt budsjett. Dato for godkjend «søknad om sanitærabonnement» er grunnlag for fastsetjing av tilknytingsgebyr jf. § 11.

### § 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyret for vass- og/eller avløpstenester skal betalast for eigedomar som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Årsgebyret er samansett av to delar:

1. Abonnementsgebyr
2. Forbruksgebyr

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigedomen/bygningen er tilknytt kommunalt leidningsnett. Forbruksgebyr for abonnentar som har vassmålar startar frå tidspunkt vassmålaren vert montert. Gebyra vert fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sine utgifter innan dei ulike tenestene.

#### ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyr vert differensiert etter brukarkategori. Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler ein like stor fast sum, som går fram av vedtatt budsjett. Det skal betalast eitt abonnementgebyr pr. bueining.

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av institusjonar, hotell, kafear, blokker, næringsbygg, seksjonerte husvære og kontor, og liknande.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar (same pris for bustader og fritidshus).

#### FORBRUKSGEBYR

Forbruksgebyr vert betalt etter bestemt forbruk og pris pr. m<sup>3</sup>.

Forbruket vert enten stipulert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940, eller etter faktisk (målt med installert vassmålar) vassforbruk.

Omrekningsfaktor for stipulert forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>] er **1,5**. Stipulert forbruk vert rekna i intervall på 50 m<sup>2</sup> frå 100 m<sup>2</sup> til 650 m<sup>2</sup>. For ein bustad under 99,99 m<sup>2</sup> vert forbruket rekna til 75 m<sup>3</sup>. For ein bustad på mellom 100 m<sup>2</sup> og 149,9 m<sup>2</sup> er stipulert forbruk: 100 m<sup>2</sup> \* 1,5 = 150 m<sup>3</sup>. Se tabellen nedanfor.

	Storleik av bruksareal	Stipulert forbruk for bustader
Arealklasse 1	0 - <100m <sup>2</sup>	75m <sup>3</sup>
Arealklasse 2	100 - <150m <sup>2</sup>	150 m <sup>3</sup>
Arealklasse 3	150 - <200m <sup>2</sup>	225 m <sup>3</sup>
Arealklasse 4	200 - <250m <sup>2</sup>	300 m <sup>3</sup>
Arealklasse 5	250 - <300m <sup>2</sup>	375 m <sup>3</sup>
Arealklasse 6	300 - <350m <sup>2</sup>	450 m <sup>3</sup>
Arealklasse 7	350 - <400m <sup>2</sup>	525 m <sup>3</sup>
Arealklasse 8	400 - <450m <sup>2</sup>	600 m <sup>3</sup>
Arealklasse 9	450 - <500m <sup>2</sup>	675 m <sup>3</sup>
Arealklasse 10	500 - <550m <sup>2</sup>	750 m <sup>3</sup>
Arealklasse 11	550 - <600m <sup>2</sup>	825 m <sup>3</sup>
Arealklasse 12	600- <650 m <sup>2</sup>	900 m <sup>3</sup>

For fritidshusabonnentar vert stipulert forbruk sett til 50 % av forbruk for bustader.

Fleirmannbustad skal plasserast som vanleg bustad.

For næringsseigedomar (Institusjonar, hotell, kafear, blokker, næringsbygg, seksjonerte husvære og kontor) med bruksareal mindre enn 250 m<sup>2</sup> vert stipulert forbruk sett til 150 % av forbruk for bustader.

For industribygg og lagerbygg m/ kjøken, bad og toalett og opphaldsrom på inntil 70 m<sup>2</sup>, skal abonnementet plasserast i Arealklasse 4.

For driftsbygning (fjøs) m/ mjølkerom, bad og toalett inntil 50 m<sup>2</sup>, skal abonnementet plasserast i Arealklasse 1.

Spesielle bygningar som kyrkje, ungdomshus og tilsvarande hus med liten og sporadisk bruk skal plasserast i Arealklasse 1.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengd blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 8. Om forskrifta ikkje krev installering av vassmålar, kan både heradet og abonnenten krevja slik installasjon og at forbruksgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

## § 7 VASSMÅLAR

Eigar av bustadeigedom kan velja om han vil betala forbruksgebyr for vatn og avløp etter målt vassforbruk med vassmålar eller etter forbruk i høve til arealstorleik. Vassforbruket er grunnlag for vass- og avløpsgebyret.

Næringsseigedomar (Institusjonar, hotell, kafear, blokker, næringsbygg, seksjonerte husvære og kontor) med bruksareal lik og over 250 m<sup>2</sup> og eigedomar med bruksareal lik og over 650 m<sup>2</sup> skal ha installert vassmålar.

## KJØP OG INSTALLASJON AV VASSMÅLAR

Abonnten syter for kjøp og montering av vassmålar på eigen kostnad. Installasjon av vassmålar skal utførast av autorisert røyrleggjar i samsvar med det reglementet som gjeld til ei kvar tid.

## AVLESING

Avlesing vert føreteke ein gong kvart år (kring årsskiftet). Abonnten føreteke avlesing og innmelding innan ein frist som heradet fastset. Dersom avlesinga av vassmålar ikkje vert utført til fastsett tid eller dersom data ikkje vert meldt inn til heradet, vert årsforbruket stipulert. For manglande avlesingsdata ved årsskiftet vert eigedomen fakturert for eit gebyr på kr 100.

## KONTROLL

Heradet skal ha tilgang til vassmålar for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid. Vassmålar må plasserast slik at den er lett tilgjengeleg. Heradet kan til kvart tid foreta kontroll av vassmålarar som er i bruk. Viser kontrollen ei feilavlesing på meir enn 5 %, vert det føreteke justering av årsgebyret. Ev. utskifting av målar skjer på eigaren sin kostnad.

Dersom det ikkje let seg gjera å berekna feilmålte mengder nøyaktig utan at dette medfører store kostnader, vert gebyret justert for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av næraste avlesingsperiode før feilen vart påvist, og/eller etter at målar er utbetra.

Vassmålar skal elles kontrollerast kvart 5. år og skiftast ut kvart 10. år. Abonnten tek sjølv desse kostnadene.

## FLEIRE TILKNYTINGAR

Kvar eigedom skal normalt berre ha ei tilknytning. I dei tilfelle ein eigedom har fleire tilknytningar, skal det installerast ein målar for kvar tilknytning. Eventuelle interne målarar vedkjem ikkje heradet.

## ANNA

Når vassmålar er montert, kan han ikkje fjernast utan at heradet samtykkjer. Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne reglar. Vert ein målar borte eller skadd, skal abonnten straks melda dette til heradet. Plomberte målarar kan berre opnast av heradet sitt personell eller under oppsyn av heradet. Er ei plombe brote, vert vassforbruket for vedkomande termin fastsett til stipulert forbruk multiplisert med fire.

Eigedomar som er tilknytt kommunalt avløp men har privat vatn, betalar årsgebyr for avløp etter stipulert forbruk (areal) eller faktisk målt forbruk med vassmålar. Ved målt forbruk må abonnten montere vassmålar på eige vasskjelde, som grunnlag for forbruksgebyret avløp.

## § 8 AVVIK I ÅRSGBYRET

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp bli basert på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslepp). For industri, offentleg, jordbruksverksemd og anna verksemd som har særleg stort eller lite vassforbruk og/eller kloakkmengd, eller som har kloakkvatn som i samansetning skil seg ut frå vanleg hushaldskloakk, kan årsgebyret verta fastsett ved avtale. Dersom avtale ikkje kjem i stand, vert storleiken på avgifta fastsett av heradet.

Formannskapet skal handsama søknadar om redusert vass- og avløpsgebyr. Avtale om målt forbruk (med vassmålar) der ein får % reduksjon, eller stipulert forbruk til X m<sup>3</sup> pr. år. I normale tilfellet er det ikkje aktuelt å gje redusert vass- og avløpsgebyr.

Likskapsprinsippet til liknande eigedomar må takast omsyn til.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

## **§ 9 MELLOMBELS TILKNYTING**

Med mellombels tilknytning meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit døme på slikt anlegg er anleggsbrakker. Eigar/festar av eigedomen skal betala abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i samsvar med den tida tilknytninga er operativ.

Ein skal ikkje betale eingongsgebyr for tilknytning, men alle kostnader ved tilknytning og fråkopling blir belasta eigar/festar av eigedomen.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om vidareføring.

## **§ 10 PÅLEGG OM UTBETRING**

Heradet kan gje abonnenten eit pålegg om utbetring av eigne avløpsanlegg innan ein gjeven frist, jf. forureiningslova § 7. Etter forureiningslova § 73 kan ein gje forureiningsgebyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut. Om den ansvarlege ikkje etterkjem pålegget kan kommunen sørgja for iverksetjing av tiltaka, jf. forureiningslova § 74.

Private stikkleidningar frå heradet sine hovudleidningar er abonnenten sitt ansvar.

Abonnenten plikter å utbetre feil, manglar, lekkasjar på eigne stikkleidningar.

Heradet kan fastsette tvangsmulkt jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Heradet kan oppmoda abonnenten å utbetra eigne drikkevassanlegg innan ein fastsett frist som grunnlag for å fastsetja vassforbruket. Om tilhøvet ikkje er utbetra når fristen har gått ut, vert årsforbruket fastsett av heradet.

## **§ 11 INNBETALING AV VASS- OG AVLØPSGEBYR**

Jf. § 15 er abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra. Gebyra vert fordelt slik:

- over 2 terminar pr. år for abonnentar som har installert vassmålar
- over 3 terminar pr. år for abonnentar med stipulert vassforbruk

Gebyr for mellombels tilknytning og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Eigedomar som ynskjer å knyte seg til heradet sitt vass- og/eller avløpsnett, skal senda søknad om dette. Dato for godkjend «søknad om santiærabonnement» er grunnlag for innkrevjing og fastsetjing av eingongsgebyr for tilknytning.

Eingongsgebyret må vera innbetalt før tilknytning skjer.

Avlesing av målt vassforbruk blir gjort ein gong i året, kring årsskiftet. Forbruksgebyret blir betalt à konto fordelt over 2 terminar basert på forbruket for fjoråret. Avrekning skjer i som hovudregel på 1. termin (faktura) året etter. Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan heradet endra à konto beløpet.

Etter søknad kan heradet gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig bygning fysisk vert kopla frå vassnettet. Ved innvilga søknad om fritak opphøyrer abonnementet når dokumentasjon er motteke om at vassinntaket er plombert. Når bygning er tilknytt kommunalt vass- og avløpsnett vert det som regel ikkje gjeve fritak då ein stor del av kostnadane ligg i å etablere og drifte leidningsnettet fram til brukarane.

Dokumentasjon frå røyrleggjar på at vassinntaket er plombert er grunnlag for fritak. Ny tilknytning av eigedomen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Kostnader ved fråkopling og ny tilknytning skal dekkjast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter tilvising frå heradet.



### III. SEPTIKTANKAVGIFT

#### § 12 TVUNGEN SLAMTØMING

Ulvik herad gjennomfører tvungen slamtøming for bustader kvart partalsår og for fritidsbustader kvart fjerde år (2016, 2020 osv.). Gebyret vert fordelt på kvar termin kvart år. Storleik av gebyrane går fram av tankstorleik, tømefrekvens og vedtatt budsjett.

Heradet si plikt til å tøm septiktankar/slamavskiljarar er avgrensa til anlegg som er tilgjengeleg med vanleg tømestyr. Ved vanskeleg tilkomst må abonnenten ordne tøming direkte med tømefirma. Dette vil vere i tilfelle der det er særers vanskeleg veg fram til septiktank, som gjer at tømefirma må ha ekstra mannskap/utstyr for å få utført tøming. Dersom det er søppel i tanken (våtserviettar o.a) kan abonnenten risikera ekstra rekning frå tømefirma på grunn av større kostnader for å tøm tanken. Huseigar får varsel frå tømefirma, og må klargjere tanken for tøming. Dersom tanken ikkje er avgravd og tømefirma har vore på staden, vert det dette rekna som utført arbeid, og huseigar må betala slamavgifta.

Dersom huseigar treng ekstra tøming, må dei kontakta tømefirma og betala direkte til dei. Huseigar må likevel vere med på den faste tøminga til kommunen. Dersom ein treng ekstra tøming same året som det er fast kommunal tøming, må huseigar betala for tøminga til heradet, men får òg ekstra rekning frå tømefirma på det ekstra oppmøtet og kjøring.

#### § 13 ENDRING AV BYGNINGSSTATUS

Matrikkelen er det offisielle eigedomsregisteret med oversikt over eigedomar, tinglyste eigarar, bygningar etc. Heradet er pliktig til å føra alle opplysningar om bygningar i matrikkelen jf. matrikkellova § 26. Eigarar av bustader som vert nytta som fritidshus, kan krevje å få endra bygningsstatus i matrikkelen, utan å søkja om bruksendring etter plan- og bygningslova. Endring av bygningstype får innverknad på kommunale gebyr i samsvar med gebyrregulativet. Dersom eigar ynsker å endre frå bygningstypen «bustad nytta som fritidsbustad» tilbake til bustad igjen, må eigar fremma krav om dette til heradet. Heller ikkje her trer plan- og bygningslova inn.

#### § 14 SØKNAD OM FRITAK

Etter skriftleg søknad frå abonnent, med dokumentasjon, kan heradet gje fritak for gebyr når vassinntaket til gebyrpliktig bygning vert fråkopla. Som eit unntak til denne regelen, kan heradet fritta for gebyr dersom tanken er fråkopla. Dokumentasjon i dette tilfelle kan vere skriftleg uttale frå autorisert røyrleggjar, fråsegn frå privat vassverk, foto på at tank er fråkopla eller liknande. Ved ev. innvilga søknad gjev heradet tømefirma melding. Huseigar er pliktig til å melde frå om fritaksgrunnen opphøyrer. Dersom hus vert teke i bruk igjen og/eller vatn tilkopla skal abonnenten gje skriftleg melding om dette til heradet.

#### **IV. AVSLUTTANDE FØRESEGNER**

##### **§ 15 INNKREVJING AV GEBYR**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter "Lov om pant" § 6-1. Ved eigarskifte vert ubetalte faktura overført til ny eigar. Faktura vert ikkje delt opp mellom kjøpar og seljar. Dersom eigarskifte er midt i ein termin, må kjøpar og seljar ordne opp seg i mellom.

Tinglyst eigar er juridisk ansvarleg for kommunale krav på eigedomen, og er rekningsmottakar.

Gebyra kan krevjast inn av heradet etter reglar for innkrevjing av skatt. I utgangspunktet er det ein faktura pr. eigedom. Kommunale gebyr vert regulert etter bygningsstatus i eigedomsregisteret/ matrikkelen.

Eigar er ansvarleg for at heradet til ei kvar tid har dei riktige opplysningar om eigedom/abonnement. Dersom abonnenten gjev feil opplysningar eller ikkje oppfyller opplysningsplikten, kan Ulvik herad foreta ei avrekning 3 år tilbake i tid jf. foreldelseslova § 2. Dersom fritak vert innvilga på grunnlag av ukorrekte eller manglande opplysningar frå abonnent, vil Ulvik herad etterfakturere frå fritaksdato. Dersom vilkåra for fritak ikkje lenger er tilstade pliktar eigar å gje heradet melding. Fritak vil gjelde frå påfølgande termin etter at søknaden er innvilga. Ved endring av antall bueiningar vert kommunale gebyr regulert frå neste termin.

##### **§ 16 VEDTAKSMAKT**

Vedtak etter denne forskrifta blir fatta av rådmannen eller den han peikar ut mellom tilsette i Ulvik herad.

##### **§ 17 KLAGE**

Avgjersle etter forskrifta som er einskildvedtak følgjer kap. IV-VI i forvaltningslova, og kan påklagast. Klagen blir send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra er forskrift og skal vedtakast av heradstyret, jf. kap. VII i Forvaltningslova. Det er ikkje høve til å klaga på heradstyret sitt lovlege vedtak om gebyrregulativet. Det er berre enkeltvedtak som kan påklagast. Klage på gebyr utset ikkje betalingsfrist.

##### **§ 18 IVERKSETJING**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017. Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.